

Til stade: Annette Maria Myre Jørgensen, Kari Soriano Salkjelsvik, Jon Askeland, Myriam Daniele Coco, Even Sandvik Underlid, Ellen Høisæter, Ana Beatriz Chiquito, Miguel Ángel Quesada-Pacheco, Ann Cathrin Corrales-Øverlid, Alissa Vik, Synnøve Ones Rosales (deltok under andre halvdel av møtet), Talania Johansen (studentrepresentant) og Ingvild Nilssen (referent),

Saksliste:

1. Godkjenning av innkalling og saksliste.

Programstyret godkjente innkallinga og sakslista.

2. Orienteringssaker

- a) Denne hausten vert emna SPLA100 og SPLA100H evaluerte av programsensorane Wladimir Alfredo Chaves Vaca og Ane Christiansen.
- b) Kari orienterte om status for HF2018-bestillinga frå fakultetet. Kari har gått gjennom ny programskisse for masterprogrammet med dei vitskaplege tilsette. Vi håpar det ikkje må reduserast i studiepoeng på bachelorprogrammet.
- c) Ana Beatriz orienterte om status for POLAME-prosjektet.
- d) Annette orienterte om Erasmus-besøk. Gjennom besøket er det knytt nærare band til Compulgence. Annette var også på Erasmus-utveksling i Valencia i juni. Det er fleire avtalar att som fleire kan utnytte seg av. Desse avtalane kan vi bruke for å få besøk eller for å få gjesteførelesarar. Slike besøk gir gyldne sjansar til å knyte kontaktar og å utvide horisonten og sjå korleis dei gjer det andre stader.
- e) Jon orienterte om seminaret i juni for forskingsgruppa *Latinamerika : Litteratur og kultur*. Det var eit innhaldsrikt seminar med gjester frå USA, Mexico og Sverige. Fagleg sett fungerte det godt. Ein hadde håpa at fleire masterstudentar ville delta. Seminaret var støtta av NorLARNet.
- f) Det vart orientert om NorLARNet-konferansen i Bergen (30.8-2.9). Ana-Beatriz, Alissa, Hans Jacob, Håkon, Jon, Synnøve og Åse hadde innlegg på konferansen.
- g) Det vart orientert om Erasmus+- besøk frå UDLAP i september i forbindelse med den nye Erasmus+ avtalen. Kari skal til UDLAP i februar 2017. Vart nemnt at det er fint om vi får studentar som reiser til å ta didaktikk-emne der.
- h) Miguel orienterte kort om forskning hans i Latinamerika mens han hadde forskingsfri. Skal fortelle meir i detalj om året sitt til instituttet samla.

3. Vedtakssaker

a) Studieplanendring SPLA106H –

Studentane som tek emnet som intensivkurs i Spania skal no ta eksamen her ved UiB. Det vert obligatorisk oppmøte for studentane som tek emnet, anten i Spania eller i Bergen.

Endringane til emnet vart vedteke utan innvendingar.

b) **Planar for midtesemestereksamen og sluttsemestereksamen.**

Det vart utarbeidd planar. Planane har Kari sidan sendt ut til alle på spansk.

c) **Oppretting av nye nettbaserte emne i forbindelse med kompetanse for kvalitet; SPANSK621 og SPANSK622**

Kompetanse for kvalitet er ei ny satsing for vidareutdanning av lærarar. Lærarane skal gi opplæring i å bruke språket meir interaktivt og munnleg. Det vil bli gitt to halvårskurs. Emna vart godkjente med dei endringane som kom fram i møtet.

4. Ymse

Under Ymse kom det forslag om eit internt kurs i Inspira. Kari sa seg villig til å hjelpe dei som skulle trenge det.